



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

07.11.2025

Vår ref:

2025/15685

Dykkar dato:

07.10.2025

Dykkar ref:

202412996

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om uttak av grunnvatn - reserve drikkevassforsyning og smoltproduksjon - Henjaelvi, Hermansverk - Sogndal

Statsforvaltaren etterlyser eit betre kunnskapsgrunnlag om moglege effektar på vassføringa i elva av eit langvarig grunnvassuttak. Vi meiner at mellombelse vassuttak til drikkevassføremål i periodar når det ordinære vassinntaket er ute av drift, likevel kan akseptertast. Vi vil, ut frå kunnskapsgrunnlaget i saka, rå frå søknaden om vassuttak til smoltproduksjon.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad som gjeld uttak av grunnvatn på Hermansverk.

Om søknaden

Sogndal kommune søker om løyve til eit kontinuerleg grunnvassuttak på 42 l/s, som skal fungere som reservevassforsyning til Leikanger vassverk, og til smoltproduksjon for Osland Genetics AS avd. Sygna når kommunen ikkje har behov for vatnet.

Smoltanlegget har konsesjon til vassuttak frå Henjaelvi, men må bruke ein del sjøvatn i anlegget i tørre periodar. I normalsituasjon for Leikanger vassverk vil dei nytte grunnvassuttaket til å redusere saltmengda i driftsvatnet. Kommunen skal ha prioritet i periodar der begge har behov for vatn. Osland Genetics vil på eit seinare tidspunkt sende inn ein separat søknad om konsesjon for brønnar ved smoltanlegget på austsida av elva som nyttar det same grunnvassmagasinet. Frå desse skal det skal takast ut inntil 15 l/s.

Grunnvatnet skal hentast frå dei same brønnane på vestsida av Henjaelvi som blei nytta til drikkevassforsyning ein periode frå 2018 og fram til eit nytt inntak for overflatevatn var sett i drift (figur 1). Eit overvakingsprogram skal dokumentera at minstevassføringa i elva forbi brønnområdet blir oppretthalden, og at saltvatn ikkje vil trenge inn frå fjorden.


Den mellombelse drikkevasskonsesjonen var på inntil 35 l/s, og det blei lagt til grunn at den naturlege vassføringsdynamikken i elva ville bli oppretthalden. Prøveuttak tilsa at grunnvasstanden og vasskvaliteten ville halde seg stabil, og toleevna til grunnvassmagasinet blei vurdert til å vere ein del høgare enn det planlagde uttaket (35 l/s). Det blei likevel tilrådd å avgrense uttaket på grunn av risiko for saltvassinntrenging. Vidare blei det påpeika at trekking av grunnvatn frå brønnane på smoltanlegget, burde haldast på eit minimum.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Figur 1: Detalj kart med plassering av brønner (raude) det er søkt om å ta ut grunnvatn frå, og andre brønner frå det same grunnvassmagasinet (gråe). Kjelde: Konsesjonssøknad.

Vår vurdering

Vassuttak til drikkevassføremål har stor samfunnsverdi og høg prioritet samanlikna med mange andre formål. I denne saka er føremålet òg å sikre vatn til smoltproduksjon. Samtidig skal naturmiljøet ivaretakast, i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Henjaelvi har førekomst av laks og sjøaure. Strekninga frå sjøen og opp til vandringshinderet er eit tilnærma jamt stryk utan større høljar. Vassføringa er truleg ein avgrensande faktor for fiskeproduksjonen i elva. Elva og nærområdet er òg leveområde for vasstilknytte fuglar som fossefall, strandsnipe og vintererle.

Vassføringa er sterkt redusert på grunn av kraftreguleringa, og i tillegg blir det teke ut vatn til smoltanlegget. Mykje av den naturlege vassføringsdynamikken i elva er borte, og elva går i store periodar på minstevassføringsnivå. I vassdragskonsesjonen til smoltanlegget er det fastsett krav om minstevassføring på 160 l/s, som er på nivå med den alminnelege lågvassføringa ved elveutløpet i sjøen. I tørre periodar kan vassføringa bli enda lågare, og då blir alt tilsig sleppt forbi vassinntaket til anlegget.

Søkar meiner at grunnvassuttaket det er søkt om ikkje vil føre til merkbar endring av vassføringa. Det blei lagt til grunn for det mellombelse vassuttaket på 35 l/s at dynamikken ville bli oppretthalden, men det er ikkje tilstrekkeleg fagleg vurdert for eit vassuttak på 42 l/s som det er søkt om pluss 15 l/s frå dei etablerte grunnvassbrønnane ved smoltanlegget. Eit vassuttak på 42 l/s utgjer i storleiksorden 26 % av fastsett minstevassføring.

Grunnvatn er basert på ein kombinasjon av infiltrerande nedbør og mating frå vassdrag, og i søknaden er det vurdert at fordelinga er omtrent jamn for den aktuelle grunnvasskjelda. Dersom grunnvatnet normalt bidrar med vatn til elva, kan uttak redusere denne tilførselen. Vatn kan trekke frå elva inn i grunnvatnet og dermed redusere vassføringa i elva, om grunnvassnivået blir senka



under vasstanden i elva. Vedvarande uttak kan redusere ei viktig kjelde til vatn, og då spesielt i tørre periodar når nedbør og overflateavrenning er låg.

Vi ser at søkar vil overvake at minstevassføringa forbi brønnområdet blir oppretthalden dersom søknaden blir innvilga, men eventuell ytterlegare redusert dynamikk i elva vil òg forverre levetilhøva for fisk og andre vasstilknytte artar. Dette vil etter vår vurdering kome i konflikt med naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Konklusjon

Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet, og uttak til reservevassforsyning vil vere avgrensa til periodar når det ordinære anlegget er ute av drift. Det må aksepterast at dette eventuelt kan få noko mellombels negativ konsekvens for naturmiljøet. Vi vil ikkje rå frå søknaden som gjeld vassuttak til drikkevassføremål.

Sidan det er lagt opp til at smoltanlegget skal kunne nytte grunnvassuttaket ved ordinær drift av vassverket, blir det lagt opp til eit meir kontinuerleg uttak som ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd i tråd med naturmangfaldlova § 8. Dersom eit meir langvarig uttak til smoltanlegget kan redusere vassføringa eller den resterande naturlege dynamikken i elva, vil vi rå frå denne delen av søknaden, ut frå naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 153
Postboks 7900

6851
5020

SOGNDAL
BERGEN